

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
099/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Westland Hotel AS - Digitalisering av hotellsystem Westland Hotel AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Digitalisering av hotellsystem Westland Hotel AS* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 099/21 Vedtak:

Prosjektet *Digitalisering av hotellsystem Westland Hotel AS* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Westland Hotel AS er eit aksjeselskap. Bransje 55.101 Drift av hoteller, pensjonater og moteller med restaurant. Registrert 21.04.1997. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Westland Hotel er det største hotellet i Alver kommune. Hotellet har 172 sengeplasser, plass til 150 gjestar i restauranten og tilhøyrande kurs og konferanse/selskapslokale. Hovudmarknaden er yrkesreisande til Mongstad-bedrifter, samt kurs og konferanse for Bergensområdet blant anna.

Prosjektleveranse/Målsetting

Verksemda ønsker å digitalisere hotellplattforma. Gjennom Covid-19-pandemien har søkjar erfart eit klårt behov for å digitalisere drifta. Dette vil føre til mindre kontaktsmitte for kundane og samtidig medføre ein meir effektiv kvardag for både reisande og for hotellet elles. Drifta vil kunne bli meir berekraftig og miljøvennleg ved at ein vil kunne bruke mindre energi og generere mindre søppel.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Digitalisering av hotellsystem Westland Hotel AS	300 000	200 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021

21_Westland Hotel_soknad-2021-0144_01 mai 2021

1573661